



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00466-90
Saksbehandlar Sveinung Talberg

Særutskrift - Plan for Forvaltningsrevisjon 2024-2027

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	13.06.2024	PS-51/24

Kommunestyret har behandlet saken i møte 13.06.2024 sak PS-51/24

Møtebehandling

Innstillinga frå kontrollutvalet

Votering

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

Kommunestyrets vedtak

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2027, med følgjande tema:
 - Berekraft og samfunnsutvikling.
 - Personvern, data- og informasjonstryggleik.
 - Kvalitet og ressursbruk innan institusjonstenester og butenester.
 - Rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft særleg innan pleie og omsorg, og skole.
 - Oppfølging av interkommunalt samarbeid, herunder oppfølging av samarbeidsavtalar.
 - Oppfølging av barn i barnehage som har særskilte behov, herunder bistand frå PPT.
 - Oppfølging av barn i grunnskolen som har særskilte behov, herunder bistand frå PPT.
 - Kvalitet i grunnskolen, herunder trivsel og læringsutbytte.

Forvaltningsrevisjon i selskap:

- Molde og Romsdal Havn IKS.
- Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS.

2. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtalt i planen.

3. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre område for forvaltningsrevisjon.
-

Plan for Forvaltningsrevisjon 2024-2027

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2027, med følgende tema:
 - Berekraft og samfunnsutvikling.
 - Personvern, data- og informasjonstryggleik.
 - Kvalitet og ressursbruk innan institusjonstenester og butenester.
 - Rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft særleg innan pleie og omsorg, og skole.
 - Oppfølging av interkommunalt samarbeid, herunder oppfølging av samarbeidsavtalar.
 - Oppfølging av barn i barnehage som har særskilte behov, herunder bistand frå PPT.
 - Oppfølging av barn i grunnskolen som har særskilte behov, herunder bistand frå PPT.
 - Kvalitet i grunnskolen, herunder trivsel og læringsutbytte.

Forvaltningsrevisjon i selskap:

- Molde og Romsdal Havn IKS.
 - Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.
 - Krisesenteret for Molde og omegn IKS.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtalt i planen.
 3. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre område for forvaltningsrevisjon.

Bakgrunn

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5. Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatata av desse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

«§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

I kontrollutvaldsmøte 17.10.2023, bestilte utvalet ei risiko- og vestlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) for å finne ut kvar det er størst risiko og behov for forvaltningsrevisjon.

MRR leverte rapport «Risiko- og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027» 02. april 2024. Dette dokumentet skal danne grunnlag for

kontrollutvalets forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2027. Plana skal endeleg vedtakast av kommunestyret, og skal danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjonar.

Vedlagt følger dokumentet «Risiko- og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027» frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Vurdering

Sekretariatet vurderer at MRR har levert på den bestillinga som vart gjort i kontrollutvalet 17.10.2023.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet bruker Plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mogleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen, i tråd med kommunestyret sine signal. Risiko- og vesentlegvurderinga revisjonen har gjennomført, er grunnlaget for at kontrollutvalet skal kunne prioritere mellom områder i kommunen der det er identifisert risiko for avvik. Kontrollutvalet må vidare vurdere kva områder som er mest vesentlege. Revisjonen har analysert risikofaktorar dei vurderer er vesentlege for at kommunen skal kunne nå sine målsetjingar. Risikofaktorane er vurdert ut frå kor truleg det er at den vil inntreffe, og konsekvensen det vil ha om det skjer. Revisjonen har teke omsyn til dei tiltak kommunen har satt i verk for å sikre ein trygg internkontroll.

Risiko- og vesentlegheitsanalysa og plan for forvaltningsrevisjon kan brukast til andre kontrollar enn berre forvaltningsrevisjonar, då det er avgrensa kor mange forvaltningsrevisjonar ein kan bestille i inneverande periode.

Ut frå risiko- og vesentlegvurdering er følgjande område vurdert å ha størst risiko:

Kapittel og risikoområde

Berekraft og samfunnsutvikling

Aukra kommune deltek i klimanettverk Romsdal og berekraftsfylket Møre og Romsdal.

Kommuneplanen har fokus på berekraft. Klima- og miljøplan 2030 vart vedteke i 2021. Kommunen har for 2024 sitt første klimabudsjett. Det vert i liten grad rapportert om konkrete klimatiltak.

Risikofaktorar:

- Manglande kompetanse (gul, middels)
- Manglande prioritering (gul, middels)
- Berekraftsmåla vert ikkje sett i samanheng (gul, middels)
- Mangelfull oppfølging av tiltak (gul, høg)
- Kommunen arbeider ikkje for å redusere klimagassutslepp (gul, middels)

Tillitsskapande forvaltning

Økonomi- og økonomiforvaltning

Det vert opplyst i budsjett- og økonomiplan 2024-2027 at økonomiavdelinga fortsatt har stor arbeidsmengd og etterslep på utvikling/ forbedring. Videre vert det opplyst at det nye ERP-systemet gjer det kritisk å ha tilstrekkeleg og kompetent bemanning.

Risikofaktorar:

- Budsjettprosessen er ikkje i henhald til gjeldande regelverk og anbefalingar (gul, middels)

- Tilsette med økonomiansvar har ikkje tilstrekkeleg kompetanse (gul, middels)
- Det er ikkje utarbeidd system, rutinar og retningslinjer for økonomi (gul, middels)
- Det vert ikkje gjennomført tiltak for å sikre at avvik frå årsbudsjettet blir retta (gul, middels)

Samfunnstryggleik og beredskap

Aukra kommune sin heilheitlege risiko- og sårbarheitsanalyse er frå 2019. I planstrategi 2021-2023 var denne planlagt revidert i 2022. Revisjonen er ikkje gjennomført, men det vert opplyst at det er starta eit arbeid som skal slutførast i 2024.

Risikofaktorar:

- Kommunen har ikkje ei heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse (gul, høg)
- Kommunen har ikkje ei overordna beredskapsplan (gul, middels)
- Kommunen gjennomfører ikkje øvingar (gul, middels)

Offentlege anskaffingar

Komplisert regelverk. Når mange tilsette føretek innkjøp, aukar risikoen for feil. Bruk av rammeavtalar og e-handel reduserer risikoen for feil. Kommunen deltek i ROR-Innkjøp, som inngår rammeavtalar.

Risikofaktorar:

- Manglande kompetanse
- Manglande ressursar
- Manglande openheit
- Manglande samhandling

Alle risikofaktorane (gul, middels)

Personvern, data- og informasjonstryggleik

Det vert opplyst at kommunen har ansvar for å sikre at krav til personvern og informasjonstryggleik blir teke i vare, både for tilsette og innbyggjarar. Kommunen har eit spesielt ansvar for å sikre personvernet til barn og unge. Skolen må spesielt ha fokus på at appar og fagsystem som blir brukt til undervisning, tilfredsstillir krava til GDPR. Kommunen må ha fokus på personvern og informasjonstryggleik i alle ledd i oppgåveløysinga. I spørreundersøkinga kjem det fram at servicekontoret på grunn av manglande ressursar må nedprioritere opplæring av tilsette på områda kvalitetsarbeid, personvern, informasjonstryggleik.

Risikofaktorar:

- Svak internkontroll (gul, middels)
- Manglar ressursar (gul, middels)
- Manglar kompetanse (gul, middels)
- Manglande databehandlaravtalar (gul, middels)
- Manglande oppfølging av personvern i einingane (gul, middels)

Personalforvaltning

Tilgang på kvalifisert arbeidskraft er ei av dei største utfordringane for kommunen. Det vert opplyst at kommunen har mykje god kompetanse. Men kommunen ser dei same utfordringane som andre kommunar med å rekruttere helsefagleg kompetanse.

Måltallet for sjukefråvær for Aukra kommune er på under 6,12 %. For å sikre nok og rett kompetanse er lavt fråvær ein av faktorane som må være på plass. Kommunen opplyser at dei vil auke innsatsen for å sikre høg grad av nærvær. Dette skal sikrast ved å arbeide på fleire områder med eit langsiktig perspektiv. Spørreundersøkinga stadfestar utfordringar knytt til å rekruttere og behalde personell og redusere sjukefråvær.

Risikofaktorar:

- Kompetanseutvikling og rekruttering (raud, høg)
- Mangelfull organisering og leiing (gul, middels)
- Lite søkelys på arbeidsmiljø (gul, middels)
- Manglande oppfølging og tilrettelegging (gul, middels)
- Manglande oppfølging av sjukefråvær (gul, middels)

Interkommunalt samarbeid

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar gjer det krevjande for kommunane å nå sine mål. Løysinga kan være interkommunale samarbeid. Aukra kommune er med i 27 ulike interkommunale samarbeid. Samarbeida som kommunen deltek i skal i stor grad levere tenester til kommunen og innbygarane i kommunen. Det er viktig at kommunen sikrar at selskapa leverer god nok kvalitet til rett tid og i tråd med inngått avtale. Dette gjeld særleg der samarbeidet leverer viktige tenester til innbygarane i kommunen. Eksempel på dette er PPT, IKT og innkjøp.

Risikofaktorar:

- Mangelfull oppfølging av samarbeidsavtalar (raud, høg)
- Mangelfull rapportering frå vertskommunen (gul, middels)
- Informasjon vert ikkje etterspurt (gul, middels)
- Mål er ikkje forankra politisk og administrativt (gul, middels)

Tenesteyting og myndigheitutøving

Gossen barne- og ungdomsskole

Risikofaktorar:

- Lykkast ikkje med trivsel, elevar vert mobba på skolen (raud, høg)
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT (raud, høg)
- Manglande ressursar (gul, middels)
- Manglande kompetanse (gul, middels)
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid (gul, middels)
- Mangelfull gjennomføring av aktivitetsplikta (gul, middels)
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barn m/ behov (gul, middels)

Julsundet skole

Risikofaktorar:

- Lykkast ikkje med trivsel, elevar vert mobba på skolen (raud, høg)
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT (raud, høg)
- Skolen held ikkje økonomisk ramme (gul, middels)
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barn m/ behov (gul, middels)
- Manglande ressursar (gul, middels)
- Manglande kompetanse (gul, middels)
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid (gul, middels)
- Mangelfull gjennomføring av aktivitetsplikta (gul, middels)

Barnebo barnehage

Utfordring å ha nok og kvalifiserte tilsette etter normene for bemanning. Det er eit kontinuerleg arbeid å skaffe nok tilkallingsvikarar. Det vert arbeidd med å sikre tilstrekkeleg bemanning til å dekke fråvær blant tilsette. PPT har liten kapasitet til systemarbeid i barnehagen.

Risikofaktorar:

- Barnehagen held ikkje økonomisk ramme (gul, middels)
- Ressursmangel (gul, middels)
- Kompetansekrav vert ikkje oppfylt (gul, middels)
- Mangelfull medverking frå barn og foreldre (gul, middels)
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid (gul, middels)
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barn m/ behov (gul, middels)
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT (gul, middels)

Bergetippen barnehage

I budsjettsak for 2024 vert det opplyst at det ikkje er samsvar mellom barnehagen si åpningstid, barna si opphaldstid og tilsette si arbeidstid. Lov om barnehagar har krav om bemanning, tal på barn pr. tilsett og tal på barn pr. pedagog. Store delar av dagen er bemanninga lavare enn minstekravet i barnehagelova.

Ei anna utfordring er å oppretthalde bemanning ved fråvær. Barnehagen har ikkje mange tilgjengelege tilkallingsvikarar med barnehagekompetanse. Å oppretthalde bemanning ved fråvær er krevande. PPT har liten kapasitet til systemarbeid i barnehagen.

Risikofaktorar:

- Barnehagen held ikkje økonomisk ramme (gul, middels)
- Ressursmangel (gul, middels)
- Kompetansekrav vert ikkje oppfylt (gul, middels)
- Mangelfull medverking frå barn og foreldre (gul, middels)
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid (gul, middels)
- Mangelfulle rutiner for å fange opp barn m/ behov (gul, middels)
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT (gul, middels)

Bu- og institusjonstenester

I budsjett og økonomiplan 2024-2027 vert det gitt informasjon om utfordringar og tiltak. Det vert opplyst at det er viktig å arbeide med rekruttering for å sikre kompetansen. I tillegg må det arbeidast vidare med alternative turnusar. I institusjon blir det viktig å få til ei god rullering på korttids plassane, slik at ein får brukt plassane på ein funksjonell måte. Ved tildeling av langtids plass må ein være endå meir restriktiv. Vidare er det viktig at langtids plass og heildøgns omsorg vert sett i samanheng. Tenestene slit med ressursmangel, og nok og riktig kompetanse. Det er høgt sjukefråvær. Det vert leidd inn kompetanse for å sikre forsvarleg drift. Prioriterte oppgåver dei neste åra er: Rekruttering, alternative turnusar, tildelingskriteria, oppgåvefordeling, opplæring og rettleiing.

Risikofaktorar:

- Institusjonstenestene har ikkje nødvendig kompetanse (gul, høg)
- Butenestene har ikkje nødvendig kompetanse (gul, middels)
- Institusjon og butenester held ikkje økonomisk ramme (gul, middels)

- Bu- og institusjonstenestene leverer ikkje god nok kvalitet (gul, middels)
- Tenesta vert ikkje omstilt for å løyse endra tenestebehov (gul, middels)
- Tenesta tek ikkje i bruk ny teknologi/ velferdsteknologi (gul, middels)

Heimetenester

I budsjett og økonomiplan 2024-2027 vert det gitt informasjon om utfordringar og tiltak.

Det vert opplyst at heimetenesta må omstille seg både med tanke på auka antal brukarar, oppgåvefordeling, meir samansette sjukdomsbilde og handsaming og nytt journalsystem.

Prognosane viser at personar med demenssjukdom vil auke. Dette er den største utfordringa.

Undersøkingar har vist at Aukra kommune har ein høg førekomst av demenssjukdom. Det er/blir utfordringar med å sikre nok og riktig kompetanse. Høgt sjukefråvær. Det er prosjekt for å behalde og rekruttere tilsette med nødvendig kompetanse. Det pågår omstillingsprosjekt og det vert arbeid med velferdsteknologi.

Dei største utfordringane framover er opplyst å være: Rekruttering av fagkompetanse, alternative turnusordningar, annan oppgåvefordeling, meir opplæring og veiledning, behov for bufellesskap for personar med demens, behov for bufellesskap for personar med alvorlege psykiatriske diagnosar.

Risikofaktorar:

- Heimetenesta har ikkje nødvendig kompetanse (gul, høg)
- Heimetenesta held ikkje økonomisk ramme (gul, middels)
- Heimetenesta leverer ikkje god nok kvalitet (gul, middels)
- Tenesta vert ikkje omstilt for å løyse endra tenestebehov (gul, middels)
- Tenesta tek ikkje i bruk ny teknologi/ velferdsteknologi (gul, middels)

Helse

I budsjettet for 2024 vert det omtalt utfordringar og tiltak. Det vert opplyst at innføringa av helseplattforma vil kunne kreve ekstra merksemd og det skal settast inn ekstra ressursar for at tenestene skal kunne oppretthalde normal drift. Helsetenesta slit med ressursmangel, og nok og riktig kompetanse. Ved behov vert det leidd inn kompetanse for å sikre forsvarleg drift.

Risikofaktorar:

- Manglande ressursar (gul, middels)
- Manglande kompetanse (gul, middels)
- Mangelfullt arbeid med folkehelse (gul, middels)
- Manglar forebyggande arbeid (gul, middels)
- Mangelfullt arbeid med psykisk helse (gul, middels)
- Mangelfullt arbeid med rus (gul, middels)
- Mangelfullt samarbeid mellom tenestene (gul, middels)
- Manglande arbeid med velferdsteknologi (gul, middels)

Tekniske tenester

Hovudplan for avløp 2022-2027 vart vedteken av kommunestyret i 2021. For planperioden (2022-2027) er Aukra kommune sin ambisjon at alle ureinsa utslepp skal vere sanert og at alle avløpsanlegg skal tilfredsstille krav i forureiningsforskrifta, samt at utslepp av avløpsvatn ikkje skal føre til at miljøtilstanden i vassførekomstar vert forringa. Vidare er målet at alle avløpsanlegg, gamle og nye, skal kunne handtere framtidige klimautfordringar.

Risikofaktorar:

- Manglande kompetanse (gul, middels)
- Kvaliteten i vassforsyninga er ikkje god nok (gul, middels)
- Kvaliteten i avløpsnettet er ikkje godt nok (gul, middels)
- Gammalt leidningsnett for vatn og avløp (gul, middels)
- Kommunens ROS, og beredskapsplanar er mangelfulle (gul, middels)

Revisjonen har sett opp desse områda som er vurdert å ha størst risiko:

- Kvalitet og ressursbruk innan institusjonstenester og butenester
- Rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft særleg innan pleie og omsorg, og skole
- Oppfølging av interkommunalt samarbeid, herunder oppfølging av samarbeidsavtaler
- Oppfølging av barn i barnehage som har særskilte behov, herunder bistand fra PPT
- Oppfølging av barn i grunnskolen som har særskilte behov, herunder bistand fra PPT
- Kvalitet i grunnskolen, herunder trivsel og læringsutbytte

Risikovurdering knytt til selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i

Faktorar som kan vektleggast ved vurdering av selskap som er egna for forvaltningsrevisjon:

- Selskapet har ei omsetning av ein vis størrelse
- Aksjekapitalen har ein viss størrelse og verdi for kommunen
- Driv ei lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ei allmenninteresse
- Selskapet har tilsette

Aktuelle tema i et forvaltningsrevisjonsprosjekt kan være:

- Har selskapet internkontroll som sikrar at tillagte oppgåver vert løyst?
- Når selskapet sine mål?
- Har selskapet avklart korleis dei skal informere om si verksemd?
- Har selskapet avklart korleis dei skal forhalde seg til innsyn og offentlegheit?
- Har selskapet avklart korleis dei skal forhalde seg til innkjøp og offentlege anskaffingar?
- Har selskapet teke stilling til korleis dei skal forhalde seg til etikk og varsling?
- Har selskapet eit klart skille mellom primæroppgåver som skal løysast for eigarkommunane og eventuell næringsverksemd?

Ut frå risiko- og vesentlegvurdering er følgjande selskap vurdert å ha størst risiko:

- Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
- Molde og Romsdal Havn IKS
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS

Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS

Selskapet har 45 tilsette på heiltid og 220 tilsette på deltid. Aukra kommune sin eigarandel: 6,34 %. Selskapets formål er å dekke alle kommunens plikter, oppgåver og behov i henhold til brann- og eksplosjonsvernlovas krav til kommunen, herunder: drifte eit brann- og redningsvesen som kan ivareta forebyggjande og beredskapsmessige oppgåver etter lov og forskrifter på ein effektiv og sikker måte. Brann- og redningsvesenet skal være best mogleg tilpassa dei oppgåver det kan bli stilt overfor

basert på oppdatert risiko- og sårbarhetsanalyse, samt forebyggjande analyse- og beredskapsanalyse. Brann- og redningsvesenet skal evaluere hendingar for å sikre kontinuerleg læring og forbetring av det forebyggjande og beredskapsmessige arbeidet. Selskapet kan påta seg andre arbeidsoppgåver eigarane og selskapet måtte bli einige om.

Risikofaktorar:

- Selskapet har ikkje internkontroll (gul, lav)
- Selskapet når ikkje sine mål (gul, middels)
- Selskapet informerer ikkje om si verksemd (gul, lav)
- Selskapet etterlever ikkje krav til offentlegheit (gul, middels)
- Selskapet etterlever ikkje krav til innkjøp og anskaffingar (gul, middels)
- Selskapet har ikkje rutinar for etikk og varsling (gul, middels)
- Selskapet har ikkje eit klart skille mellom brann og redning og næring (raud, høg)

Molde og Romsdal Havn IKS

Selskapet har 35 tilsette. Aukra sin eigarandel er 12 %. Selskapets vedtektsfesta formål er å ivareta og samordne den kommunale hamneverksemda i samarbeidsområdet. Hamnevesenet skal saman med andre interesser bidra til eit konkurransedyktig og kostnadseffektivt hamnetilbod, og for ei tilrettelegging av infrastruktur som sikrar eit best mogleg samband mellom sjø- og landtransporten i samarbeidsregionen. Hamnevesenet skal ivareta dei administrative og forvaltningsmessige oppgåver som kvilar på dei samarbeidande kommunane etter havne- og farvannsloven og anna lovgiving som gjeld hamnesektoren. Hamneanlegg og areal skal disponerast med sikte på ei best mogleg, samla ressursutnytting. For å oppretthalde og vidareutvikle den kommunale hamneverksemda i samarbeidsområdet og denne verksemdas trafikkgrunnlag, kan hamnevesenet engasjere seg i hamnetilknytt verksemd som ein finn hensiktsmessig og fordelaktig for dei samarbeidande kommunanes hamneinteresser.

Risikofaktorar:

- Selskapet har ikkje internkontroll (gul, middels)
- Selskapet når ikkje sine mål (gul, middels)
- Selskapet informerer ikkje om si verksemd (gul, lav)

Krisesenteret for Molde og omegn IKS

Kommunen har ein eigarandel i selskapet på 4,9 %. I 2022 var det 19 tilsette fordelt på 15,57 årsverk. Selskapet sitt formål er å gje eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er

utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Unntaksvis kan selskapet også kunne gi moglegheit

for nøddrettsplassing av barn for politi og barnevernsteneste i eigarkommunane.

Krisesenteret er regulert etter Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova). § 8

Internkontroll:

«Kommunen skal føre internkontroll for å sikre at dei verksemdene og tenestene som utgjer krisesentertilbodet, utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsette i lov eller forskrift.

Kommunen

må kunne gjere greie for korleis ein oppfyller denne plikta».

Statistikken for 2022 viser at ein etter Covid-19 har hatt ei stor auke i aktivitet og saker. Årsakene til dette er fleire, utan at ein kan peike på ei enkelt årsak. Dette har ført til høgare aktivitetsnivå på fleire

områder, fleire samtalar, fleire aktivitetar for barn og unge og fleire møter. Ein ser at sakene er meir

komplekse enn tidlegare, meir ressurskrevjande, og behovet for kompetanseheving har auka. Komplekse saker krev også eit ustrakt samarbeid med øvrig tenesteapparat.

Det viktigaste risikoområdet er knytt å nå måla som er sett for selskapet, sikre nok bemanning med rett kompetanse.

Administrative konsekvensar

Folkehelsekonsekvensar

Klima- og miljøkonsekvensar

Økonomiske konsekvensar

Sveinung Talberg
Rådgjevar

Særutskrift

Kontrollutvalssekretariatet ved Sveinung Talberg

Vedlegg

Oversending av sak til kommunestyret - Plan for Forvaltningsrevisjon 2024-2027

Plan for Forvaltningsrevisjon 2024-2027

Risiko- og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 -

Aukra kommune - rapport 2. april 2024

RETT UTSKRIFT
DATO 14.juni.2024